

ÅRSMELDING FOR BUL MOLDE 2010

(Frå 1.11.09 til 31.10.10)

STYRET:

Styret er samansett av arbeidsutvalet og ein medlem frå hyttenemnda.

Arbeidsutvalet: Leiar: Lars Staurset
Kirsten Aure
Bente Myklebust
Anne Lise Farstad
Vara: Torill Steien

Arbeidsutvalets mandat har vore å halde i gang leikøvingane på Reknes Ungdomshus.

Styremedlem: Sylvfest Bell frå hyttenemnda

Revisorar: Arild Jacobsen og Bente Dyrnes Aarø
- personlege varamedl: Frøydis Austigard og Atle Bell
Rekneskapsførar: Arild Horrstad
Valnemnd: Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem

Instruktør i 2010: Irene Møllersen Bell

Organisasjonsnummer: 993 469 467

Medlemstal: Pr 31.10.10 hadde BUL Molde 46 medlemmar.

Møte: 1 årsmøte: 2.12.09.
1 styremøte: 9.11.09.
5 møter i arbeidsutvalet: 3.2.10, 23.8.10, 6.9.10, 29.9.10 og 27.10.10

Aktivitetar dette året:

Leikøvingar haust 2009:

Det var 3 øvingar i november 2009.

I tillegg inviterte Rauma Leikarring til øving med Rauma Spelmannslag den 17. november. 10 gjester frå BUL/SMUL og Lyngstad deltok. Eiga leikøving den 18.11. gjekk ut.

Leikøvingar vår 2010:

Det var 13 ordinære leikøvingar i vårsemesteret, medrekna fellesøving med andre leikarringar 17. mars. BUL inviterte andre lag og Rauma Spelemannslag den 28. april. Det kom 9 spelemenn og 30 dansarar. Flott musikk og mykje god dans.

Det var arrangert 2 ekstra leikøvingar for dei som skulle vere med til Isleik 2010. 11.5. var det ekstra øving Isfjorden med 16 dansarar, 2.6. møtte 24 dansarar på Reknes. I alt 16 leikøvingar.

Isleik 2010:

Isleik 2010 vart arrangert i Reykjavik frå 5. – 18. juli. BUL Molde meldte på i alt 30 deltakarar. Det var dansarar frå leikarringane i Sylte og Malme, Lyngstad, Rauma og BUL Molde.

Lengda på opphaldet varierte. Det var mange spanande turar både før og under stemnet.

Laurdag 10. juli var det opning med dans rundt omkring i byen på føremiddag og opningsseremoni i Háskólabío seinare. Dansarar frå vår gruppe hadde framsyning på Ingolfstorg og Lækjartorg. Programmet var: Tretur frå Aure, Oppdalsril, Gilleråsen, Stigelin, Mellom bakkar og berg, Lars Lenkelifot, Rørospols, Krabbelur og Springdans frå Romsdal. I Háskólabío laurdag ettermiddag var to par med i den norske pols-framsyninga.

Stemnet vart avslutta med fest den 16. juli.

BUL stod for påmelding, kontakt med NU og overnatting, medan deltakarane arrangerte reisa sjølve. AU har planlagt mimre-helg for Isleik-fararar den 13. – 14. november på BUL-hytta.

Leikøvingar haust 2010:

Det vart arrangert 7 leikøvingar i september – oktober. I tillegg inviterte Rauma Leikarring til øving med Rauma spelmannslag den 19.10. BUL si leikøving den 20.10. gjekk difor ut.

Frammøtet på vanlege leikøvingar i meldingsåret har vore 11 - 23 dansarar. Øvingstida er frå kl. 19.30 til kl 22.00. Styret har bestemt at alle skal betale 20 kr i ”kaffepengar”. Øvingane er prega av høgt aktivitetsnivå og god stemning. Vi ønskjer fleire menn, men damene er flinke til å gå inn og ut av ymse roller.

Andre aktivitetar:

- Sal av Jul i Romsdal hausten 2009. 30 stk.
- Bygdaliv: Nettsida har blitt oppdatert i etterkant av dei fleste leikøvingane og gir eit godt bilete av aktivitetane både i og utanom laget. E-post vert sendt til ca. 80 personar før semesterstart, årsmøte og andre viktige hendingar.
- Dugnadsarbeid på BUL-hytta.

Utsendingar / deltakarar frå BUL på andre arrangement:

- Laurdag 30.januar. 2010 var det spelemannstreff i Rauma Kulturhus.
- Årsmøte i Romsdal Ungdomssamlag 6. mars.
- 16. – 18. april. Fylkeskappleik i Rauma Kulturhus.
- 30.4.-2.5. Rørosleken. 6 deltakarar frå BUL/SMUL.
- 4 dansarar frå BUL deltok på Mo-kurset i Førde, 1. – 6. august.
- 28. august: 5 dansarar frå BUL deltok på spelemannstreff på Tresheim.
- 5. september: 2 dansarar frå BUL var med på SMUL si framsyning under Skoftedagane.
- 8. – 10. oktober vart det arrangert VM i pols i Vauldalen. 7 dansarar frå BUL og SMUL dansa pols, men deltok ikkje i tevlinga.

Nytt om medlemmar:

BUL-medlem Noralv Bell døydde 2. september. Noralv var leiar i BUL i åra 1993-96. Han hadde også andre tillitsverv fram til 2009, då sjukdommen tok alle kreftene. Det var gravferd frå Røbekk kyrkje fredag 10. september. Mange BUL-medlemmer deltok i gravferda og minnesamveret etterpå. I staden for blomster på båra gav BUL minnegåve til kreftsaka.

Tidlegare BUL-leiar og RU-leiar Alf meisingset fylte 70 år 4. mai. Litt forseinka fekk han overrekt blomster og gåve frå dei to laga.

Samarbeid med andre lag

Dei siste åra har det utvikla seg eit samarbeid mellom BUL og leikarringane i Sylte og Malme, Lyngstad og Rauma. Laga hjelper kvarandre med større arrangement, som dansehølgjer på BUL-hytta og leikfest i Malmefjorden 30. oktober (dessverre avlyst). Mykje av samarbeidet er uformelt, med at dansarane går på øvingar hos kvarandre, og somme er medlemmer av 2-3 av laga. Med Rauma er det meir organiserte besøk etter avtale, i begge retningar. Medlemmer i alle fire laga reiser på tur saman, slik som til Island. Dette samarbeidet gjer at BUL kan halde eit høgare aktivitetsnivå enn vi hadde greidd åleine, og det blir mykje god dansing av det.


Arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane tilsvarar 120 dagsverk.

Arbeidsutvalet rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som vert lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar.


Lars Staurset


Bente Myklebust

Anne Lise Farstad


Kirsten Aure